

Saksprotokoll i fylkestinget - 08. og 09.12.2015

SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje:

- 8. desember: 89, 109, 91, 93, 94, 96-100/15.
- 9. desember: 90, 101-104, 95, 105-108, 104, 95/15.

OPNING AV FYLKESTINGET (08.12.2015)

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Dan Femoen og Marthe Hammer valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag ved **slagverktrio frå Bergen Filharmoniske Orkester**. Dei utøvande var Peter Kates, Gard Garshol og Manuel Hofstätter.

Fylkesordføraren heldt minnetale over ofra etter terroren i Paris.

Ordføraren i Bergen, Marte Mjøs Persen helste fylkestinget.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 13 representantar hadde ordet.

I samband med talane sette **Aud Karin Oen** fram slikt forslag til fråsegn:

"Fråsegn vedkomande nedlegging av akuttfunksjonane ved Odda og Stord sjukehus
Hordaland fylkesting er sterkt uroa over Helseministeren sitt forslag om å legga ned
akuttberedskapen ved Odda og Stord sjukehus.

Sjukehus utan akuttfunksjon er som eit brannvesen utan tilgang på vatn og vil gje eit kraftig
redusert helsetilbod i distrikta i Hordaland. Befolkningsgrunnlag som kriterium er berre eit av
mange kriterium som må vektleggjast for kva slags funksjonar eit lokalsjukehus bør ha.

Dei generelle argumenta for å behalda akuttberedskapen ved fleire av dei lokale sjukehusa er at
alle skal ha rett på eit likeverdig helsetilbod, uavhengig av bustad og postadresse. Noreg vil i tida
framover koma til å trenge all den kapasiteten som desse sjukehusa har å tilby. Dei store
sjukehusa er ikkje volummessig rusta til å overta all akuttfunksjonane frå dei små sjukehusa. I
tillegg er den økonomiske vinsten høgst uklår.

I tillegg er det nokre heilt spesifikke årsaker knytt til at nettopp Odda og Stord sjukehusa framleis
må bestå med fullverdige akuttfunksjonar til innbyggjarane:

Odda er eit samfunn med mykje tungindustri, der det fort kan skje alvorlege ulykker. Til tross for
relativ kort transportveg til Haugesund veit vi at dei preoperative tenestene ikkje er tilstrekkeleg
utbygd. Transportrutene, både til lands og med helikopter, er forholdsvis ofte stengt grunna ras
eller dårlig flygever. Det medfører at Odda med omeign i periodar kan vera heilt isolert.

Til tross for at befolningsgrunnlaget for Odda sjukehus er rekna til ca. 12.000, veit vi at det om sommaren aukar til 70.000, grunna turister som skal til Trolltunga. Det har i år vore fleire farlege redningsaksjonar der.

Stord har et befolningsgrunnlag på 49.000, altså knappe 10.000 under det talet som er anbefalt for å oppretthalde akuttfunksjon, og er eit område med stadig befolningsvekst. Den største arbeidsplassen er Aker Stord, som er heilt avhengig av akuttbenedskap. I tillegg har Stord stor gjennomfartstrafikk, og det er i de nærmaste åra planlagt store vegbyggingsprosjekt, noko som vil medføra ein auka fare for ulykker. Stord har og ein flyplass og det har vore to store flyulykker der.

Stord kan med enkle grep frå Helse Fonna få tildelt funksjonar som gjer at de kjem over den anbefalte pasientpopulasjonen, slik Voss har fått frå Helse Bergen.

Hordaland fylkesting ber helseministeren og Stortinget om å skrinleggja desse planane og oppretthalda sjukehusa i Odda og Stord med akuttfunksjonar."

Forslaget vart behandla på slutten av tingsetet, 09.12.2015.

Fylkestinget vedtok samråystes å realitetsbehandle forslaget til fråsegn og vedtok deretter samråystes forslaget.

Vedtak

Fråsegn vedkomande nedlegging av akuttfunksjonane ved Odda og Stord sjukehus

Hordaland fylkesting er sterkt uroa over Helseministeren sitt forslag om å legga ned akuttbenedskapen ved Odda og Stord sjukehus.

Sjukehus utan akuttfunksjon er som eit brannvesen utan tilgang på vatn og vil gje eit kraftig redusert helsetilbod i distrikta i Hordaland. Befolningsgrunnlag som kriterium er berre eit av mange kriterium som må vektleggjast for kva slags funksjonar eit lokalsjukehus bør ha.

Dei generelle argumenta for å behalda akuttbenedskapen ved fleire av dei lokale sjukehusa er at alle skal ha rett på eit likeverdig helsetilbod, uavhengig av bustad og postadresse. Noreg vil i tida framover koma til å trenge all den kapasiteten som desse sjukehusa har å tilby. Dei store sjukehusa er ikkje volummessig rusta til å overta all akuttfunksjonane frå dei små sjukehusa. I tillegg er den økonomiske vinsten høgst uklår.

I tillegg er det nokre heilt spesifikke årsaker knytt til at nettopp Odda og Stord sjukehusa framleis må bestå med fullverdige akuttfunksjonar til innbyggjarane:

Odda er eit samfunn med mykje tungindustri, der det fort kan skje alvorlege ulykker. Til tross for relativ kort transportveg til Haugesund veit vi at dei preoperative tenestene ikkje er tilstrekkeleg utbygd.

Transportrutene, både til lands og med helikopter, er forholdsvis ofte stengt grunna ras eller dårlig flygever. Det medfører at Odda med omeign i periodar kan vera heilt isolert.

Til tross for at befolningsgrunnlaget for Odda sjukehus er rekna til ca. 12.000, veit vi at det om sommaren aukar til 70.000, grunna turister som skal til Trolltunga. Det har i år vore fleire farlege redningsaksjonar der.

Stord har et befolningsgrunnlag på 49.000, altså knappe 10.000 under det talet som er anbefalt for å oppretthalde akuttfunksjon, og er eit område med stadig befolningsvekst. Den største arbeidsplassen er Aker Stord, som er heilt avhengig av akuttbenedskap. I tillegg har Stord stor gjennomfartstrafikk, og det er i de nærmaste åra planlagt store vegbyggingsprosjekt, noko som vil medføra ein auka fare for ulykker. Stord har og ein flyplass og det har vore to store flyulykker der.

Stord kan med enkle grep frå Helse Fonna få tildelt funksjonar som gjer at de kjem over den anbefalte pasientpopulasjonen, slik Voss har fått frå Helse Bergen.

Hordaland fylkesting ber helseministeren og Stortinget om å skrinleggja desse planane og oppretthalda sjukehusa i Odda og Stord med akuttfunksjonar.

INNBYGGJARFORSLAG (08.12.2015)

I samband med behandling av PS 89/15 "Dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen" opplyste fylkesordføraren at Hordaland fylkeskommune har motteke innbyggjarinitiativ på vegner av elevar og foreldre ved Fana gymnas: "Innbyggerforslag, jfr Kommunelovens § 39 A. Mistillitt mot Fylkeskommuneadministrasjon og fylkestingets behandling av spørsmålet om nedleggelse av Fana Gymnas. Krav om utsettelse og uavhengig tilstandsvurdering."

IDRETTSPRISAR 2015 (09.12.2015)

Hordaland fylkeskommune sine **utviklingsstipend i idrett** for 2015 vart tildelt:

| | | |
|-----------------------------------|-----------------|-------------------|
| Kjerstin Boge Solås (f. 1997) | Handball | Tertnes Elite |
| Bjørnar Neteland (f. 1991) | Alpint | Fana IL |
| Erling Fagerbakke Fosse (f. 1997) | Langrenn | Voss IL |
| Harald Ivarsen (f. 1999) | Padling | Fana Kajakk klubb |
| Sigrid Borge (f. 1995) | Friidrett, kast | Osterøy IL |

Kvart stipend er på kr 25 000. Utdelinga vart gjort av leiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling, Beate Husa.

Fylkeskommunen sine utviklingsstipend innan idrett kan tildelast einskildutøvarar, trenrarar og dommarar. Ein person kan berre få slikt stipend ein gong. Målet med stipenda er å gje mottakarane stimulans og høve til vidareutvikling i si idrettsgrein. Ved tildelinga av stipend vert det lagt vekt på: idrettsprestasjonar, potensial og planar for vidare satsing innan idretten.

Hordaland fylkeskommune si utmerking for **særlege idrettsprestasjonar** 2015 vart tildelt:

| | | |
|----------------------------------|--|---------------------------|
| Mariann Vestbøstad Marthinsen | Langrennspigging friteknikk Sølvmedalje i sprint og bronsemedalje 12 km | VM i Cable USA 2015 |
| Sverre Lunde Pedersen | Skøyter Allround Bronsemedalje | VM i Calgary 2015 |
| Håkon Jarvis Westergård | Orientering Sølvmedalje i stafett | VM i Skottland 2015 |
| Kristoffer Brun | Roing dobbeltsculler lettvekt Bronsemedalje | VM i Frankrike 2015 |
| Marielle Lind | ITF Taekwondo Bronsemedalje i tradisjonell sparring | VM i Jesolo i Italia 2015 |
| Madeleine Lind | ITF Taekwondo Gullmedalje i mønster 2. dan og | VM i Jesolo i Italia 2015 |

bronsemedalje i tradisjonell sparring

| | | |
|-------------------|---|----------------------------------|
| Ulrik Berntsen | Vannjet Pro Am Ski Stock Gullmedalje | VM i Lake Havasu Arizona 2015 |
| Espen Drange | ITF Taekwondo Verdsmeister i sparring 63 kg | VM i Jesolo Italia 2015 |
| Per Ivar Pahlm | Langbue Herrer 3D Gullmedalje | VM i Terni Italia 2015 |
| Monica Engeseth | Kickboxing Sølvmedalje i Pointfighting 50 kg | VM i Antalya i Tyrkia 2015 |
| Milton Galarreta | Kickboxing Bronsemedalje i fullkontakt 70 kg | VM i Antalya i Tyrkia 2015 |
| Daniel Andersen | Pro ski stock limited Sølvmedalje | VM i Lake Havasu Arizona 2015 |
| Stian Schjettlein | Sølvmedalje i pro ski slalom og bronsemedalje i pro ski lite | VM i Lake Havasu Arizona 2015 |

Hordaland fylkeskommune si markering av særlege idrettsprestasjoner er ei utmerking som heng svært høgt. Det er idrettsprestasjonen som kvalifiserer utøvarane til en slik utmerking. Kravet er medaljepllassering i verdsmeisterskap eller olympiske leikar. Verdsrekordar og siger i verdscupen samanlagt kvalifiserer også til fylkeskommunen si utmerking. Utøvarane må representere ein klubb frå Hordaland.

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun overrekte utmerkinga.

ATTRAKTIVE FRILUFTSOMRÅDE (09.12.2015)

Herdla på Askøy og Vardetangen og Årvika i Austrheim vart kåra til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde. Dei to vinnarområda vart tildelt prisen mellom anna på bakgrunn av god tilrettelegging for ungdom og ny aktivitet.

Ordførar Terje Mathiassen i Askøy kommune og kulturleiar i Austrheim kommune, Kari Utkilen, tok imot prisen på vegner av kommunane. Prisen var på 15.000 kroner, eit bilet av Sveinung Iversen med friluftsmotiv og ei slakk line.

Ein fagjury har vurdert alle innkomne forslag, medan kåringa var gjort av utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland. Prisen vart delt ut av Agnes Bernes, leiar av Ungdommens fylkesting.

Kåringa er ein del av markeringa av Friluftslivets år 2015.

OPPFINNARPRISEN 2015 (09.12.2015)

Oppfinnarprisen skal bidra til å synliggjere og heidre kreativitet, innovasjon og verdiskaping i Hordaland. Dei som får oppfinnarprisen skal ha fast adresse i Hordaland. I tillegg må dei ha evne og vilje til å realisere og kommersialisere oppfinninga si.

Hordaland fylkeskommune sin oppfinnarpris for 2015 vart tildelt til Rolf Kahrs Hansen og Magne Tvinnereim i selskapet Spiro Medical AS for oppfinninga **ApneaGraph® Spiro**, som er eit instrument som målar lungetrykk og identifiserer blokkingane som forårsakar pusteproblem under sovn. Data om trykk, pust, puls, lyd (som snorking) og oksygeninnhald i blodet vert automatisk analysert og gjort tilgjengeleg for legen.

Så mange som 20 % av oss lir av ei eller anna form for søvnrelatert pusteproblem. Med oppfinninga vil fleire få muligkeit til riktig diagnose som gjer at fleire får tidlegare og rett behandling.

Prisen vart utdelt av fylkesordførar Anne Gine Hestetun. Oppfinnarprisen 2015 var på 100.000 kroner.

To oppfinnarteam fekk **heidarleg omtale**:

- Den første heiderlege omtalen gjekk til oppfinninga **Milla Says**, som er ein digital lærings- og kommunikasjonsplattform for Tegn-Til-Tale. Oppfinninga er retta mot born med forseinka språkutvikling, der dei kan bruke teikn til å kommunisere og lære ord og omgrep. Bak oppfinninga står oppfinnarteamet Aleksander Helmersberg, Runar Brøste og Are Bu Vindenes i selskapet Milla Says AS.
- Den andre heiderlege omtalen i gjekk til Bryggen Research AS, for deira oppfinning **GRASP**, som er ein steinliknande gjenstand som let seg klemme på. Grasp skal nyttast av personar som har vanskar og utfordringar med å nytte vanlege kartleggingsverktøy innan psykisk helse. Målgruppa er spesielt born, framandspråklege, rusmisbrukarar, eldre og folk med sterke psykiske plagar. Bak oppfinninga står oppfinnarteamet Tor Gjøsæter, Jørund Fjøsne, Martin Lie og Aleksander Krzwinsky.

PRESENTASJONAR (09.12.2015)

Jernbaneverket v/strategidirektør **Lars Christian Stendal** og prosjektleiari **Hanne Dybwik-Rafto** orienterte om konseptvalutgreiing (KVU) for logistikknutepunkt i Bergensregionen.

Direktør i Skyss, **Oddmund Sylta**, orienterte om neste generasjon ferjeanbod.